



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

Protokoll frå møte i Bore sokneråd Tysdag 19. november 2019

Møtestad: Bore kyrkjekontor

Frå saksnummer: 70/19

Til saksnummer: 75/19

Av soknerådet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:

Nicolai Homme (leiar)
Torunn Renate Bore (nestleiar)
Jens Kåre Bore Stokka
Elisabet Haarr
Jonas Meling Berge
Marita Midtun Finstad
Torill Steinvoll Bøen (varamedlem)
Ivan Fjeld, sokneprest

Andre:

Elin Anita Garpestad, dagleg leiar

Meldt forfall:

Hans Voll til sak 71/19

**Me stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i
protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møte.**

**Me starta soknerådsmøtet med å nytte god tid til
mat, opning og bøn.**

Innkalling til møte i Bore sokneråd 19. november vart godkjend.

Protokoll frå møte i Bore Sokneråd 20. oktober vart godkjend.

SAK 70/19**Soknerådet byrjar arbeidet sitt****Drøfting**

Nicolai innleia kvelden med å setja soknerådet inn i korleis vi som menighet har utvikla oss sidan 2005. Mykje godt har skjedd, frammøtet har auka så mykje at me måtte utvida kyrkja, me er i dag ein menighet der tre generasjonar (inn i blant fire) er aktive, og me har stor variasjon i gudstenestene. Det vart ein god og engasjert samtale om dette. Soknerådet opplever at alt som er gjort av endringar ikkje har ført til splitting eller strid og at ein viktig grunn til dette er at endringane har skjedd ved at me har teke mange små steg i mange år

I runden etterpå fekk soknerådsmedlemmane seia noko om deira forventning og tankar om neste periode:

Forventning til å nå meir ut. Viktig å ivareta det sosiale. Fortsetja i same spor. Sjå på ressursbruk og vurderer kvar ein bruker gaver og teneste. Ein plass for alle. Gjera læresveinar. Fleire smågrupper. Fint med mangfald i gudstenestene. Flott og svært viktig arbeid i trusopplæringa. Mange frivillige. Må få fleire med. Kutta ned i tida på gudstenestene (G2). Bli med på Klepp 24. Utfordringar på kyrkjekaffien med lyd/støy. Manglar 40-åringane+ på kyrkjekaffien. Må få til ein sosial arena der ein kan bli betre kjent med folk i menigheten. Gjera nokre grep for å modernisera Gudstenesta/gjera ho meir tilgjengeleg. Behovet for større/ny kyrkjestove er stort, ikkje minst til trusopplæringsarbeidet, men og til kyrkjekaffi og andre samlinger i kyrkjelyden.

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar og gjer vedtak i møtet

Vedtak

Soknerådet vil drøfta dei ulike sidene ved utviklinga i menigheten på Strategisamlinga 4. januar kl. 09.

SAK 71/19**Samtale om arbeidet****Drøfting**

Flott tilbakemelding frå weekenden. Referatet blir lagt i arkiv (weekend 2019) slik at neste års komité kan sjå på dette i planleggjinga av ny weekend.

Alphakurs blir neste vår. Me kan bruka dvd-ar, i tillegg til at andre i menigheten kan også undervisa i enkelte tema.

Tilbod frå Atea vart lagt fram.

Forslag til vedtak

Soknerådet tek saka til orientering

Vedtak

Soknerådet er godt nøgd med gjennomføring av weekenden 2019 og er takknemlege til dei frivillige som tok ansvar for planlegging og gjennomføring.. Tonstadli er bestilt også til neste år.

Soknerådet arbeider vidare for å leggja gode planar for Alpha – både med innhald, tidsramme og datoar. Det blir eit tema på samlinga med husfellesskapsgruppene 10. desember.

Soknerådet ber soknerådsleiar og dagleg leiar om å vurdere tilbodet frå Atea og får fullmakt til å bestilla utstyr. Soknet løftar denne investeringa på eiga hand og nyttar oppsparte midlar for å finansiera kjøpet.

SAK 72/19**Informasjon frå og til fellesrådet****Drøfting**

Det har sidan sist ikkje vore fellesrådsmøte.

Forslag til vedtak

Soknerådet tek saka til orientering

Vedtak

Soknerådet tek saka til orientering.

SAK 73/19**Jærgårds 2020****Drøfting****Forslag til vedtak**

Bore sokn stiller underskotsgaranti for Jærgårds 2020 inntil kr. 5000,-

Bore sokn gir eit offer til Jærgårds 2020. Dette blir teke opp våren 2020 og eit av offera til eiga verksemd blir bytta med offer til Jærgårds.

Vedtak

Bore sokn stiller underskotsgaranti for Jærgårds 2020 inntil kr. 5000,-

Bore sokn gir eit offer til Jærgårds 2020. Dette blir teke opp våren 2020 og eit av offera til eiga verksemd blir bytta med offer til Jærgårds.

SAK 74/19**Møtedatoar våren 2020****Drøfting****Forslag til vedtak**

Møtedatoar for våren 2020 blir: 28. januar, 25. februar, 31. mars, 28. april og 2. juni.

Vedtak

Møtedatoar for våren 2020 blir: 28. januar, 25. februar, 31. mars, 28. april og 2. juni. Desse datoane kan verta endra for å tilpasse til Alpha kurset. Endelege datoar vert vedteke på møtet i desember.

SAK 75/19**ORIENTERINGSSAKER****Drøfting**

Orienteringssakene blei lagt fram.

Forslag til vedtak**Vedtak**

Soknerådet tar saka til orientering